



Til

Flora Kommune og NVE

Flora 02.06.2013

SMÅKRAFTVERK I FLORA.

Flora Turlag har gått gjennom søknadene om bygging av i alt 10 småkraftverk i Flora.

Vi har merknader til kraftverka Sogn og Fjordane Energi søker om i området Litlevatnet – Storevatnet – Fessevatnet – Myrbærdalen.

Dette området er eit av dei finaste og mest nytta turområda i Flora kommune. Sjølv om det er bygt ein enkel landbruksveg inn til Litlevatnet, kan området seiast å ha nærast villmarkspreg. Det er heilskapen i området som utgjer dette preget – markerte geologiske formasjonar, store vasspeil, spektakulære fossar, gammal skog med nærast urskogpreg. Området ligg i ca. 100 m høgd. Det er lett tilgjengeleg. Etter berre ein halv times gonge er ein inne i området. Området er ein del av turrutenettet frå Botnane til Hyefjorden. Dette har fått rosande omtale i m.a. FJELL OG VIDDE, organet til Den norske turistforening.

Flora kommune har tidlegare gått mot kraftutbygging i dette området. I arbeidet med Samla Plan bad kommunen om vern av nederste del av Norddalsvassdraget. Kommunen frårådde bygging av Pollen kraftverk. Og kommune fekk medhold når det galdt bygging av Pollen ved at Olje og energidepartementet i 2003 sa nei til å gje konsesjon.

Flora Turlag vil spesielt peike på 3 av dei 4 omsøkte kraftverka i dette området som heilt uakseptable.

1. Hestedalsvatnet –Hestedalsfossane. Dei markante fossane frå Hestedalen er ein vesentleg del av naturopplevinga i dette området. Ved ei eventuell utbygging vil dei bli reduserte til småelvar. NVE gjekk mot å føre dei i rør mot Storevatnet ved Pollen-utbygginga. Det bør vere heilt uakseptabelt å bygge eit kraftverk her i dag.
2. Grønskrevatnet– Grønskrefossen. Denne fossen er likeeins ein markant del av dette unike landskapsområdet. Bygging av kraftverk her vil ha to svært negative sider: a) Den spektakulære fossen vil bli til ei lita elv. b) Å føre vatnet til Storevikja i Storevatnet vil redusere vassmengda gjennom Fessevatnet og redusere Fessene vesentleg. Begge desse elementa vil ha stor innverknad på landskapsopplevinga
3. Myrbærdalen. Her vil vegbygginga fram til ein evt. kraftstasjon lage svære sår i landskapet. Frå Fessene og inn til Myrbærdalen går fjellet forholdsvis bratt ned til vatnet. Bilveg inn her vil måtte føre til heilt uakseptable sprengingar/skjeringar.

Vi vil peike på at grunneigarane til dette området heile tida har gått mot kraftutbygging her. Dei har meint at dette spesielle landskapsområdet bør fritakast for kraftutbygging og vere mest mogleg urørt.

Flora Turlag ber Flora kommune og NVE om å gå mot å gje konsesjon til dei tre omsøkte kraftverka vi har kommentert ovafor: Hestedalsvatnet, Grønskrevatnet og Myrbærdalen, slik at det særprega området kring Litlevatnet, Storevatnet, Fessevatnet også i framtida kan vere det viktige natur- og friluftsområdet det har vore og er i dag.

Med helsing

Siv Merete Stadheim

Leiar Flora Turlag